

Plass til fleire på Dønhaug

02.12.2011



Humlepungane ynskjer vel møtt til dobbeltarrangement

Det er plass til fleire under storhendinga på Dønhaug neste laurdag - 10. desember klokka 20. Då er det uppskoka i kombinasjon med det tredje Kvinnheradmeisterskapet i bryggjing av juleøl og det er Kvinnheringen som står for tevlinga og Humlepungen Bryggjarlag for arrangementet ellers. Trubadur og ølbryggjar Robert Smith Hald spelar ein hovudrolle i begge delar. Aasmund Taarn Sande opplyser at det er plass til fleire enn dei 12 deltakarane som har meldt seg til tevlinga, men då må dei vera kvikke. Det er også deltakarar frå Bergensområdet men med røter hos oss.

Også Kristian Olav Bringedal kan mælda om ledige plassar. Han har rundt 30 inne, men kan klare 20-30 til og kan lova ei kulturhending som folk vil minnast. Det blir atskillige både musikalske og munnlege innslag og stemningen plar vara høg

Bringedal er sjølv med på det som kan bli vinnarlaget for tredje gongen og er difor inhabil, men Humlepungen må reknast som favoritt også denne gongen. Dommarane kjem frå Hardanger og legg strenge krav til grunn for avgjørda dei kjem fram til.

I tillegg til øl blir det servert betasuppe. Tevlingsølet vart brygga laurdag 5.november og resultatet var særskilt godt, meiner dei lokale bryggjarane som er 10.

Av Ola Matti Mathisen